

Plan for marknadsføring

Skilting av turstiar og turområde i Lindås kommune

Skiltprosjektet vil bli omtalt på heimesida til Lindås kommune. Me ser det som særst viktig at heilskapen i skiltprosjekta i Nordhordland kjem klart fram i den felles web-satsinga i regionen. Dette veit vi er noko publikum set pris på.

Både prosjektleiar og arbeidsgruppa for skiltprosjektet deltar aktivt i verdsetjing og kartlegging av friluftsområde i kommunen. Turskiltgruppa sit på særst relevant informasjon i arbeidet som utførast av kulturkontoret i kommunen.

Skiltprosjektet har ein parallell agenda med digitalisering av turløyper og produksjon av eit nytt friluftkart. Så i samband med eit nytt kart vil dei nye skiltstandardar sjølvst bli implementert. Det er nærliggande å tru at Lindås kommune i tida framover vil utarbeide nye utgaver av dei fleste kart relevant til dette prosjektet i området.

Dei nye skilta og karta vil bli implementert i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø for Lindås kommune. Prosjektet er ein del av handlingsprogrammet i planen.

Isdalstø 15 feb 2017



Per Ole Ekker

Prosjektleiar

Dagleg leiar av Frivilligsentralen